

Bakgrunn for dispensasjonssøknaden. Skildring.

Vestland fylkeskommune i samarbeid med kommunar og andre aktørar har teke initiativ til eit prosjekt der ei dagsturhytte skal fremja fysisk aktivitet. Det er tenkt som eit lågterskeltilbod for å få fleire og nye målgrupper ut på tur. Alle dei 26 kommunane i Sogn og Fjordane har fått ei slik hytte. Dei første av i alt 30 hytter i Hordaland er alt på plass.

Hausten 2020 fekk Masfjorden kommune levert og sett opp dagsturhytte i Grøttneset mellom Mjanger og Kvingo. Plasseringa til denne hytta er gjort med tanke på at alle grupper av folk skal kunna nytta hytta og området. Heile familiarer også med små barn, eldre og funksjonshemma skal kunna nytta dette tilboden. Det er i dag fleire stiar som fører fram til hytta og dei fine fasilitetane naturen i området gjev. Her er stor furuskog, og strandsone for fisking og bading. Kommunen har gjeve dispensasjon for oppføring av hytta og anlegg i tilknyting til den. Sluttføring av hytta og alle tilretteleggingar i samband med hytta er gjort i eit samarbeid mellom Masfjorden kommune og Kvinge grendalag.



Ved val av dagsturhytteplassering i Masfjorden vart særleg dette med høve for framtidig universell tilkomst vektlagt. Hytta ligg ved fjorden. Området hytta ligg i opnar for at ein med enkle grep kan gjera hytta tilgjengeleg for alle, med tilgang både frå sjø og land ved å etablera ein enkel tursti frå eksisterande traktorveg og fram til hytta, og ved ilandstigning frå sjø. Rundt hytta er det allereie tilrettelagt universelt med flat plattning og utedo på same høgdenivå.

Initiativtakaren til dagsturhytteprosjektet; Vestland fylkeskommune, har oppmoda grendelaget om å gjera dette tilretteleggingsarbeidet, og har gjeve tilsegn om tilskot. I tillegg har Masfjorden kommune gjort vedtak om tilskot, og det er sendt inn søknad om spelemidlar.

Skildring av tiltaket:


Kartskissa og dei to bileta under syner området der tiltaket skal gjennomførast. Frå parkering på Bakken er det i dag traktorveg fram til P 0, der tiltaket startar. Den universelt utforma grusa gangvegen vil få ei lengde på 925 m og 1,5 m breidde fram til dagsturhytta, P 925.



Gangvegen er i hovudsak lagd på høgdedrag i terrenget der det trengs lite terregninggrep og det vil gje ein tørr og stødig gangveg. Det er ingen stader behov for sprenging i fjell.

I området der vegen ligg er det ein del myr og korte strekk av vegen må leggast over myr. Her vert det lagd bærelag av stokkar som vert dekka over med stedlig masse og grus.

Heile gangvegen vil verta bygd med avgrensa terregninggrep der heile tiltaket er nær 100 % reversibelt om ikkje gangvegen skal brukast meir.

Kart over området + to dronefoto som syner terrenget der turstien er planlagt:






Figur 1- 4 som syner typisk profil for oppbygging av gangveg i ulikt terrenge:


Størstedelen av turstien ligg på høgdedrag i terrenget, i tørt terrenget der vatnet naturleg renn av. Figur 1 syner korleis turstien vil bli bygd her.

Figur 1




To stader vil turstien passera små myrer. Her vil det bli lagt ut bærelag av tømmerstokkar som vist i figur 2.

Figur 2:




Stien vil ha to korte parti med tverrfall i terrenget. Her vil turstien bli bygd opp som vist i figur 3.

Figur 3:




Tilkomst frå/til sjø

For at rørslehemma skal kunne besøkja hytta sjøvegen og/eller kunne ha glede av å oppsøkja stranda blir det 20 m lang grusa sti direkte frå dagsturhytta til flytebryggje (4 x 6 meter). Turstien vert utforma med minst mogeleg terrenginngrep, men gir høve til at rørslehemma med rullestol i lag med hjelpar kan kome seg fram. I dag går den eine stien fram til hytta her.




«Neset» der flytebrygga vert ankra opp tett ved land blir «holme» ved høg flo. Difor er det behov for å heva traséen 0,6 meter i 10 meter lengd mellom dette berget og stranda. Til dette nyttar ein lokal stein, og legg toppdekke inne mellom steinane slik at vegen vert tilpassa omgjevnadane, sjå figur 4. I heile Grøttneset set rullestein sitt preg på landskapet (Grøtt= steingrunn) og «landtilkomsten» vil frå sjøsida i stor grad sjå ut som ein naturleg landformasjon.

Figur 4:





Biletet syner «neset/ holmen» ved springflo



Kart over strandsona med skisser av flytebrygge og gangsti opp til hytta.

Grunngjeving av søknad om dispensasjon

Grunngjevinga for å få dispensasjon etter § 19-2 i plan- og bygningslova er at det ligg føre ei overvekt av fordeler i høve til ulemper knytt til tiltaket. Vidare meiner ein at omsyna bak LNF-føremålet ikkje vert sett vesentleg til side som følgje av tiltaket slik det er søkt dispensasjon for, og at grunnlaget er til stades i høve plan- og bygningslova sitt krav.

Fordelane av omsøkt gangveg med sjøtilkomst og flytebryggje er som følgjer:

- Rørslehemma med rullestol kan koma seg fram til dagsturhytta både frå parkeringsplassen og frå båt.
- Tilkomsten til dagsturhytta for personar med ulik grad/type nedsett funksjonsevne vil verta mykje lettare.
- Dagsturhytta og området rundt vil verta nytta meir av grupper/ personar som treng meir tilrettelegging for å kjenna seg trygge, før dei beveger seg ut i naturen eller i nye område.
- Familiar med barnevogner og «tung bagasje» vil få ein attraktiv stad som er tilpassa deira behov, og dagsturhytta vil verta meir attraktiv for barnefamiliar.
- Når det også kjem på plass flytebryggje kan personar få seg rundturar, der dei kan nytta småbåt ein del av turen, og bevega seg til fots resten av turen. Det vil gje dagsturhytta og området meir tilgjengeleg og gje auka besök.
- Med god og forbetra tilkomst vil området verta meir eigna til heilårsbruk, sidan gangvegen vil verta drenert og får ei breidde som gjer det attraktivt både for turgåarar og mosjonistar med fleire, også i vinterhalvåret.
- Tiltaket er for ålmenta, og vil bidra til betre folkehelse og kunna styrka friluftslivet både lokalt i Masfjorden kommune og i Nordhordland.
- Grendalaget slepp å gå i gang med ein eigen reguleringsplan, med alle dei kostnadane det vil medføra, og tiltaket kan verta etablert utan lang venting på planvedtak.
- Tiltaka vil ikkje privatisera området, men verta bygd for å styrka friluftslivet for ålmenta.
- Tiltaka er i stor grad reversible, og naturen kan enkelt tilbakeførast utan sår i landskapet om hytta og den grusa gangvegen med flytebryggje ein gang i framtida ikkje lenger skal brukast av ålmenta.
- Flytebryggja kan gjera området meir attraktivt for badelivet om sommaren.
- Tiltaka gjer at det vert enklare å få fram materialar og utstyr til hytta i samband med naudsynt vedlikehald i framtida.
- Ingen naboor har merknader til tiltaka.

Ulempen er som følgjer:

- Søknaden er i strid med overordna kommuneplan sitt LNF-føremål og byggjeforbodet i strandsona, jf. plan- og bygningslova sin § 1-8.
- Flytebryggja med gangtilkomsten frå hytta vert synleg som eit mindre tiltak i strandsona.

Konklusjon:

Kvinge grendalag meiner at det difor etter ei samla vurdering er ei overvekt av fordeler i høve til ulempar knytt til søknaden om dispensasjon for omsøkt gangveg og omsøkt sjøtilkomst med flytebrygge, jf. kravet i plan- og bygningslova sin § 19-2, 2 ledd.

Omsynet bak reglane det vert dispensert frå:

Den universell utforma gangvegen vil på mesteparten av strekninga gå i eit LNF-område utanfor 100-metersbeltet, og dette området har ikkje kjente registrerte verdfulle naturkvalitetar, kulturminne eller miljøverdiar, og arealet som vert påverka langs gangvegstrekninga har heller ikkje spesielle landbruksverdiar eller landbruksinteresser knytt til seg.

Flytebryggja og gangvegen ned frå dagsturhytta vert lagt ut i strandsona og i sjøen der det er forbod mot tiltak etter pbl § 1-8. Men begge tiltaka er relativt små, flytebryggja på 4x 6 meter, og gangtilkomsten vert så langt råd er tilpassa strandområdet på ein harmonisk og landskapstilpassa måte, mellom anna med bruk av lokal naturstein som forblending mot stranda på strekninga frå berget/ neset over til land, jf figur 4. Gangvegen/ stien går i bein line opp til hytta, og forstyrrer i liten grad strandsona.

Tiltaket vil etter grendelaget si vurdering styrke området som rekreasjonsområde for ålmenta, sidan området og dagsturhytta vert lettare tilgjengeleg både frå sjøen og frå parkeringsplassen om det vert gjeve dispensasjon. Den samla verknaden av tiltaka nede i strandområdet vil ikkje påverka landskapet i området i vesentleg grad, og difor ikkje verka negativt i særleg grad for strandsoneverdiane på staden. Flytebryggja vil og sikra at ein lettare kan koma til med materiell knytt til vedlikehald av dagsturhytta, og at det difor vert lettare å drifta denne på ein trygg og god måte.

Konklusjon:

Grendalaget meiner at omsyna bak LNF-føremålet og byggjeforbodet i strandsona ikkje vert sett vesentleg til side slik tiltaka no er vist og som det no er søkt dispensasjon for. Vilkåra for å gje dispensasjon frå deatingsforbodet er difor etter grendalaget si vurdering oppfylt, jf. det andre kravet i plan- og bygningslova sin § 19-2, 2 ledd.

Til slutt viser grendalaget til at det etter § 19-2 i pbl, så kan kommunen gje varig eller mellombels dispensasjon frå reglar fastsett i eller i medhald av denne lov, samt at det kan setjast vilkår for dispensasjonen. I dette tilfellet meiner grendalaget at det er rett å gje dispensasjon utan vilkår på bakgrunn av argumenta vist ovenfor, sidan alle tiltaka vil vera med å styrka ålmenta sin tilgang til området og fordi dagsturhytta alt er etablert i området.

For Kvinge Grendelag

Kvingo 8/3 2021
Stad dato

Wenke F. Ekren
underskrift tiltakshavar

Vedlegg

Type vedlegg

datert

vedlagt

Vedlegg 1 - Kvittering for nabovarsel

x

Nabovarsel

Skal sendast til berørte naboar og gjenbuarar

Ved riving skal kreditorar med pengehøfte i eigedomens varslast, pbl § 21-3

Nullstill



| |
|---------------------|
| Til (nabo/gjenbuar) |
| Helge E Kvinge |
| 5378 Klokkarvik |

| | | | |
|--|------|----------|-------------|
| Som eier/fester av: | | | |
| Gnr. | Bnr. | Festenr. | Seksjonsnr. |
| 37 | 1 | | |
| Eigedomens si adresse Nordkvingo 7 5981 Masfjordnes | | | |
| Andre gnr., bnr., f.nr., seksj.nr. | | | |

| | | | |
|--|-------------|----------|-------------|
| Tiltak på eigedomen: | | | |
| Gnr. | Bnr. | Festenr. | Seksjonsnr. |
| 37 | 3 | | |
| Eigedomens si adresse Ysta Neset Nordkvingo | | | |
| Postnr. | Poststad | | |
| 5981 | Masfjordnes | | |
| Kommune Masfjorden kommune | | | |
| Eigar/festar Wenke Ekren | | | |
| Andre gnr., bnr., f.nr., seksj.nr. | | | |

| | | | | | |
|---|--|---|---------------------------------------|--------------------|--|
| Det blir med dette varsla om | | | | | |
| <input type="checkbox"/> Nybygg | <input checked="" type="checkbox"/> Anlegg | <input type="checkbox"/> Endring av fasade | <input type="checkbox"/> Riving | | |
| <input type="checkbox"/> Påbygg/tilbygg | <input type="checkbox"/> Skilt/reklame | <input type="checkbox"/> Innhegning mot veg | <input type="checkbox"/> Bruksendring | | |
| <input type="checkbox"/> Mellombels bygning, konstruksjon eller anlegg | <input type="checkbox"/> Antennesystem | <input type="checkbox"/> Oppretting/endring av matrikkeleining (eigedomsdeling) eller bortfeste | <input type="checkbox"/> Anna | | |
| Dispensasjon etter plan- og bygningslova kapittel 19 | | | | | |
| <input checked="" type="checkbox"/> Plan- og bygningslova med forskrifter | <input type="checkbox"/> Kommunale vedtekter | <input checked="" type="checkbox"/> Arealplanar | <input type="checkbox"/> Veglova | Vedlegg nr. B – | |


| | | | | | |
|---|--|---|---|--|--|
| Arealdisponering | | | | | |
| Set kryss for gjeldande plan | | | | | |
| <input checked="" type="checkbox"/> Arealdel av kommuneplan | <input type="checkbox"/> Reguleringsplan | <input type="checkbox"/> Utbyggingsplan | <input type="checkbox"/> Eventuelt andre planar | | |
| Namn på plan Kommuneplan for Masfjorden 2018-2030 | | | | | |

| | | | | | |
|---|--|--|--|--|--|
| Beskriv nærmere kva nabovarslet gjeld | | | | | |
| Univesel tilkomst til dagsturhytte i Grøtneset. Etablering av universell gangveg på 925 meter frå enden av eksisterande traktorveg og til dagsturhytte i Grøtneset og videre gangsti til sjøkanten. Det skal også leggast ut flytebrygge. | | | | | |
| Vedlegg nr. Q – | | | | | |

| | | | | | |
|--|---------------------------------|---------|---------------------|--|--|
| Beskriv nærmere kva nabovarslet gjeld | | | | | |
| Føretak/tiltakshavar Kvinge Grendelag | | | | | |
| Kontaktperson, namn Wenke Ekren | E-post wenke.ekren@gmail.com | Telefon | Mobil 917 31 320 | | |
| Søknaden finst på heimeside: (ikkje obligatorisk) | | | | | |

| | | | | | |
|---|------------------------------------|--|--|--|--|
| Merknader skal sendast til | | | | | |
| Eventuelle merknader skal vere mottekte innan 2 veker etter at dette varslet er sendt. Ansvarleg søker/tiltakshavar skal saman med søknad sende innkomne merknader og gjere greie for ev. endringar. | | | | | |
| Namn Byggm Bjørn Rune Kvinge AS | Postadresse Kvingebakkevegen 97 | | | | |
| Postnr. Poststad 5981 Masfjordnes | E-post post@brkvinge.no | | | | |

| | | | | | |
|----------------------------|--|--------|---------------|--|-------------------------------------|
| Vedlegg | | | | | |
| Beskrivelse av vedlegg | | Gruppe | Nr. frå – til | | Ikkje relevant |
| Dispensasjonssøknad/vedtak | | B | 1 – 1 | | <input type="checkbox"/> |
| Situasjonsplan | | D | – | | <input checked="" type="checkbox"/> |
| Teikningar snitt, fasade | | E | – | | <input checked="" type="checkbox"/> |
| Utgreiningar/kart | | F | – | | <input checked="" type="checkbox"/> |
| Andre vedlegg | | Q | – | | <input checked="" type="checkbox"/> |

| | | | | | |
|----------------|--------------------|--|--|--|--|
| Underskrift | | | | | |
| Stad Kvinge | Dato 08.03.2021 | Underskrift ansvarleg søker eller tiltakshavar  Gjenta med blokkbokstavar BJØRN RUNE KVINGE | | | |

A. Kvittering for nabovarsel - Levert personleg

Ta vare på original og send kopi til kommunen saman med byggjesøknad



Fyllast ut av deg som nabovarslar

Eigedomen eg skal gjere noko på:

| | | |
|---------------------------------------|--------------------|------------------------|
| Adresse: Ysta Neset Nordkvingo | Cardsnr: 37 | Bruksnr: 3 og 7 |
| Postnr/-stad: 5981 Masfjordnes | Festenr: | Seksjonsnr: |
| Kommune: Masfjorden | | |

Namn på alle eigarar (eller festarar) av naboeigedom:

Eigar/festar: **Helge E Kvinge**

Eigar/festar:

Eigedomen til naboen:

| | | |
|---------------------------------------|--------------------|-------------------|
| Adresse: Ysta Neste Nordkvingo | Cardsnr: 37 | Bruksnr: 1 |
| Postnr/-stad: 5981 Masfjordnes | Festenr: | Seksjonsnr: |
| Kommune: Masfjorden | | |



Fyllast ut av deg som mottekk nabovarsel.

Alle eigarar/festarar må signere.

Signer her for å stadfeste at du har motteke nabovarselet (obligatorisk)

Eg stadfestar at eg har motteke nabovarselet

Dato: **13.03.2021**

Underskrift:

Dato:

Underskrift:

Signer her i tillegg om du samtykker til bygge-/rive-planane (frivillig)

Eg har ingen merknader og samtykker til planane

Dato: **13.03.2021**

Underskrift:

Dato:

Underskrift: